

Protokoll
Styremøte nr. 1/2018
Norges Friidrettsforbund
Torsdag, 18.januar 16.00
Radisson Hotell, Gardermoen

Tilstades: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Geir Nordtømme, Anne Farseth, Henrik Carstens, Elisabeth Morthen, Mathias Vangsnes, Kari Ann Nygård (via nett).

Forfall: Svein Arne Hansen, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Kalle Glomsaker (sak 1,2), Kari Ann Nygård (sak 4, 5,6,7,8,9)

Referent: Narve Heggheim

Frå sentraladministrasjonen: Kjetil Hildeskor og Narve Heggheim

Saksliste for styremøte 1-2018:

- Sak 1/2018** Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
- Sak 2/2018** Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
- Sak 3/2018** Regnskap 2017 pr dato
- Sak 4/2018** Antidopingarbeidet i NFIF
- Sak 5/2018** Drøfting av NIFs situasjon i kjølvatnet av alle de sakene som har komme fram i media, og den sviktande tilliten til Norsk Idrett.
- Sak 6/2018** Gjennomgang av representasjonsoppgaver i 2018
- Sak 7/2018** Endring av dato for ledermøtet
- Sak 8/2018** Etiske retningslinjer NFIF
- Sak 9/2018** Fastsetting av lønn til generalsekretær

Sak 1/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

Innkalling og protokoll vart godkjendt.

Sak 2/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Styremedlemmer og administrasjon orienterte om saker innafor sitt arbeidsområde.

Sak 3/2018 Regnskap 2017 pr. dato

Rekneskap og prognose pr. 31.12.2017 vart presentert. Prognose viser positivt årsresultat på kr 495.234,- mot eit budsjettert negativt årsresultat på kr 769 962,-. Endeleg rekneskap vert lagt fram til godkjenning i neste styremøte etter at revisjon er gjennomført.

Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.

Sak 4/2018 Antidopingarbeidet i NFIF

Styret drøfta prinsipp rundt leiarar/trenarar/utøvarar som har ein historikk relatert til doping/mistanke om doping, nasjonalt eller internasjonalt.

Vedtak: Basert på drøftingane i styret utarbeider administrasjonen retningslinjer for antidoping i organisasjonen i etiske retningslinjer som er under utarbeiding for vedtak i styret.

Sak 5/2018 Drøfting av NIFs situasjon i kjølvatnet av alle de sakene som har komme fram i media, og den sviktande tilliten til Norsk Idrett.

Norges Idrettsforbund har kalla inn til ekstraordinært leiarmøte 24.1.2018. Presidentar, idrettskretsleiarar, generalsekretærar og organisasjonssjefar er invitert til møte. Bakgrunnen for møte er å drøfte situasjonen i Norsk Idrett som en konsekvens av alle sakene som har komme opp i media, om pengebruk og sviktande dømmekraft.

Vedtak: Styret i NFIF er sterkt kritiske til disposisjonane til Norges Idrettsforbund som har brakt norsk idrett i vanry. President og generalsekretær får fullmakt til å fremje NFIF sitt synspunkt i NIF sitt informasjonsmøte basert på drøftingar i NFIF sitt styre 18. januar.

Sak 6/2018 Gjennomgang av representasjonsoppgaver i 2018

Styret har tidlegare fordelt representasjonsoppgåver på idrettsarrangement samt datoar for styremøte og andre møte der styret skal møte. Det har ikkje vore laga oversikt over møter der enkelte styremedlemmer har representasjonsoppgåver i Nordisk, EA og IAAF.

Vedtak: Administrasjonen utarbeider årshjul der også representasjonsoppgåver for styremedlemmer i overordna organisasjonsledd vert lagt inn. I tillegg må representasjonslista for arrangement nasjonalt oppdaterast med endringar som har komme til. Oppdaterte og nye versjonar vert lagt på styreportalen.

Sak 7/2018 Endring av dato for ledermøtet

Styret har tidlegare fastsett dato for ledermøtet. På grunn av uheldige kollisjonar må dette flyttast. I tillegg medføre flyttinga behov for eit styremøte i mars i tillegg til det som tidlegare er vedteke.

Vedtak: Styret avviklar ledermøte 28. april på Gardermoen. Styret har styremøte på kveld fredag 27. april på same stad. Det blir ekstra styremøte på Gardermoen 12. mars.

Sak 8/2018 Etiske retningslinjer NFIF

Styret drøfta utkast til etiske retningslinjer.

Vedtak: Basert på drøftingane i styret innarbeider administrasjonen meir utfyllande tekst på områda: antidoping, økonomistyring, varslingssaker og retningslinjer for alkohol. Revidert utkast vert lagt fram på neste styremøte.

Sak 9/2018 Fastsetting av lønn til generalsekretær

Styret skal fastsetje generalsekretæren si lønn og lønnsauke.

Vedtak: Generalsekretæren får same lønnsauke som er framforhandla for andre ansatte, eit tillegg på 2,6% av eksisterande løn med etterbetaling fra 1. april 2017.

Møtet slutt 19.50